



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Koordinator for personar med nedsett funksjonsevne - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Frå 01.05.2018 er det ledig 100 % fast stilling som koordinator for personar med nedsett funksjonsevne.

Koordinator for funksjonshemma utgjer koordinerande eining i Meland kommune.

Koordinerande eining er organisatorisk lagt til tenesteområde heimetenesta med næraste overordna ved leiar for tenesteområde.

Ivaretaking av dagleg funksjonsansvar er per tid delegert til systemkoordinator

Eininga samordnar representantar frå ulike tenesteområde som har oppgåver knytt til koordinering og individuell plan

Koordinator for funksjonshemma har m.a. oppgåver som:

- Systemkoordinator, som ein har utarbeida eige mandat for. Det kan nemnast "adresse" for nye henvendelser om koordinerte tenester, både intern og eksternt, og deltek i vurderingsmøter, vurderer behov for og etablerer nye ansvarsgrupper.
- Koordinator for ansvarsgrupper. Er koordinator for mange brukarar, utarbeidar individuell plan der dette er aktuelt.
- Systemadministrator for Plan- verktøyet Visma SAMPRO IP.
- Arbeid med sakshandsaming
- Delta i bustadplanlegging til brukarar med nedsett funksjonsevne. Eit arbeid som er svært aktuelt dei komande åra.

Kvalifikasjonskrav

- Off. godkjent vernepleiar eller anna relevant utdanning på høgskulenivå.
- Det er ein føremon med relevant vidareutdanning.
- Ha gode samarbeids- og kommunikasjonsevner
- At du er nøyaktig, fleksibel og løysingsorientert

Personlege eigenskapar vert tillagt stor vekt.

Vi tilbyr

Godt arbeidsmiljø.

Vere med å bidra til vidareutvikling av kooridinerande eining med fokus både på individ og systemnivå i Meland kommune og fram mot Alver kommune.

Spanande og utfordrande oppgåver knytta mot personar med nedsett funksjonsevne.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 25.02.2018

Utlyst dato 07.02.2018

Vårref

16/18

Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, britt.romarheim@meland.kommune.no